



Voss herad

# Temaplan for naturmangfald

## Hovudmål: Å gje Voss herad eit verkøy for å kunna ta godt vare på naturmangfaldet i heradet.

- Delmål for temaplan for naturmangfald:
- **1. Samla kunnskapen som allereie føreligg om naturverdiane i Voss herad:**
- Det er opp gjennom åra gjort mange kartleggingar av naturen på Voss. I samband med utarbeidinga av temaplan for naturmangfald vil det vera viktig å finna ein måte å samla og ta vare på denne kunnskapen på.
- **2. Få oppdatert kunnskap om naturverdiane i Voss herad:**
- Det er i dag lite oppdatert kunnskap om naturverdiane i heradet, og ein føresetnad for å ta betre vare på naturen vil vera å få meir kunnskap om kva naturverdiar me har, kvar dei ligg og kva dei rommar. For å få ei god kartlegging av naturmangfaldet i Voss herad, er det behov for å innhenta fagleg ekspertise.
- **3. Etablera eit godt kunnskapsgrunnlag for arealstrategi og rullering av KPA:**
- Temaplan for naturmangfald vert ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget for ein langsiktig arealstrategi og ny kommuneplan (samfunnsdel og arealdel) der prinsippet om arealnøytralitet skal operasjoniserast.
- **4. Auka kompetansen om forvaltning av natur:**
- For både politikarar og administrasjon er det viktig å ha kjennskap til forsvarleg forvaltning av natur, og dette skal temaplan for naturmangfald bidra til.
- **5. Skapa engasjement for og eigarskap til naturen i Voss herad:**
- Det me bryr oss, tar me betre vare på. Temaplan for naturmangfald skal bidra til å auka engasjementet for og eigarskapet til naturen i Voss herad både blant innbyggjarar, tilsette i heradet og politikarar.


## Organisering

- **Prosjekteigar:** Rådmannen. **Prosjektleder:** Klima- og miljørådgjevar Lina Hamre
- **Politisk styringsgruppe:** Utval for klima og miljø (UKM) er politisk styringsgruppe for arbeidet med temaplan for naturmangfald og vil verta involvert i avgjerds- og orienteringsaker undervegs i planprosessen. Heradsstyret gjer endeleg vedtak på temaplanen etter offentlege høyringsrundar.
- **Administrativ styringsgruppe:** Rådmannen si leiargruppe vil fungere som styringsgruppe og vert jamleg orientert undervegs i planprosessen. Dette for å få forankra planarbeidet på leiarnivå og involvera alle tenesteområda.
- **Arbeidsgruppe:** Vidar Jørdre og Kari Mostad frå Byggesak og næring ved Teknisk avdeling, Kjersti Næss Finne og Signe Stoll frå Plan og oppmåling ved Teknisk avdeling, og Nils Helge Kvamme frå Kultur og fritid.
- **Ekstern referansegruppe:** Voss Naturvernlag, Natur og Ungdom, Voss Bondelag/Bonde og småbrukarlag, Ungdomsrådet, Utval for klima og miljø, representant frå «Berekraftig reiseliv», Voss utferdslag, Vestland Fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland.

# Framdriftsplan

Kva	Når	Kven
Oppstartsmelding	25. april 2023	Utval for klima og miljø
Heilskapleg kunnskapsgrunnlag	Mai 2023 – oktober 2023	Administrasjon + ekstern bistand
Medverknad og forankring	August 2023 – november 2023	Administrasjon
Utarbeida utkast til plan	Mai 2023 – desember 2023	Administrasjon
Fyrste gongs politisk handsaming	Januar 2024	Utval for klima og miljø Formannsskap
Høyring og offentlig ettersyn	Februar – mars 2024	
Endeleg politisk handsaming	Mai/juni 2024	Utval for klima og miljø Formannskap Heradsstyre

# Interessentar



## Tips frå oppstartsmøtet til Miljødirektoratet

- Set av nok tid (lag ein milepælsplan)
- Inviter interesseorganisasjonar tidleg
- Avklar forventningar før oppstart (folk vil forskjellige ting med planen)
  
- **Fredrikstad:**
- Bør ha ein handlingsplan
- Bra å ha fylkeskommune og statsforvaltar med i referansegruppe
- Workshops med foreiningar som fekk spørsmål i forkant
- Knytt arbeidet til arealplanen (legg inn omsynssonar basert på funna)